



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Delegert sak nr. 18/45

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
THORCH	2018/903	7954/2018	GBNR	16.04.2018

Vedtak - Søknad om konsesjon ved overtaking av fast eiendom gnr. 142/14 i Vinje

Dokument i saka:

Søknad om konsesjon, datert 13.3.2018

Skøyte

Bakgrunn:

Ingun Dise Gardsjord søker om konsesjon på erverv av eiendommen gnr. 142/14 Bliksnesodden på Rauland i Vinje kommune. Eiendommen er på 18 da skog, utan bygningar og utan veg – og ligg som ein odde ut i Totak på Nesland.

Denne aktuelle søknaden gjeld overdraging innan familien frå Ragnhild Gardsjord til sitt søskenbarn, jf skøyte. Ho overdreg og sin eigardel av gnr. 142/14 Raunerobeite ved Kromvikvegen til Ingun Dise Gardsjord, sjå eiga sak.

Vurdering:

Då saka gjeld konsesjon for erverv av ubygd eiendom med produktivt areal over 2 dekar - der søker ikkje er nær slekt (til og med nevø\niese) - er ervervet konsesjonspliktig etter konsesjonslova §§ 4,5.

Søknaden skal då gjevast ein konkret og individuell vurdering etter konsesjonsloven § 1: Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

- 1.framtidige generasjoners behov.
- 2.landbruksnæringen.

3.behovet for utbyggingsgrunn.

4.hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser.

5.hensynet til bosettingen.

Då eigedomen har eitt svært avgrensa areal, utan hus eller veg kan ein diskutere om dette er ein landbrukseigedom. Omsynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser i pkt 4 . blir ivareteke ved at eigedomen er underlagt føresegner LNF-område i arealplanen for Vinje kommune, samt friluftsløven. Omsyn til busetting er ikkje relevant for denne eigedomen. Ny eigar skal ikkje endre bruken av eigedomen, som er friluftsliv og fiske jf. søknaden.

Ein kan med andre ord ikkje sjå at ervervet er i strid med konsesjonsloven. Ut frå eigedomen sin karakter, lokalisering og tilhøve elles blir søknaden handsama administrativt. Gebyr for sakshandsaming blir ettersendt. Klagefrist er tre veker. Konsesjonstilhøvet er og registrert i matrikkelen, og skøyte kan sendast til tinglysing.

Einingsleiar sitt vedtak:

Vinje kommune, næringskontoret gjev Ingunn Dise Gardsjord – i medhald av konsesjonsloven § 1 – konsesjon på erverv av gnr. 142/14 i Vinje som omsøkt.

Med helsing

Knut Martin Edland
nærings sjef

Thor Christiansen
landbruksrådgjevar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Sendt til:

Dise Gardsjord	Kvernhusvegen 57	2618	Lillehammer
Ragnhild Gardsjord	Skøyen Terrasse 18	0276	Oslo